

## Forslag U3:

# Forby sjødeponi i Førdefjorden og Repparfjord

## Naturvernforbundet krev ein gruvepolitikk som tek ansvar for naturmiljøet

Det er miljøkriminalitet å starte dumping av gruveslam i Førdefjorden og Repparfjord. Erfaringane frå Bøkfjorden i Sør-Varanger viser at utsleppa raderer ut alt liv på botnen i dei planlagde utsleppsområda, og at det er stor spreiningseffekt og sterkt negativ verknad frå slam og gruvekjemikalier også langt utafor utsleppspunktet. I Repparfjord vil ein i tillegg få eit stort innhald av giftige tungmetall i slammet frå den planlagde kopargruva. Førdefjorden og Repparfjord er nasjonale laksefjordar, og vi krev at ein slik status skal vera meir enn tomme ord, men i praksis vera ein garanti mot slike ekstreme inngrep. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på det internasjonale marine miljøet, der reine og biologisk produktive norske fjordane er ein viktig del.

Naturvernforbundet tek sterk avstand frå gruverdrift som baserer seg på å dumpe gruveslam i fjordane og krev at det må bli innført eit nasjonalt totalforbod mot sjødeponi for å verne det marine naturmiljøet. Dumping av gruveslam til sjø er miljøkriminalitet, og Noreg må bidra til at vi også får eit internasjonalt forbod.

Dumping av gruveslam i havet er på vikande front internasjonalt, og i tillegg til Noreg er det i dag berre tre andre land som enno ikkje har slutta med denne miljøskadelege praksisen. Ved å gje løyve til dumping av gruvslam i fjordane har Noreg plassert seg i det internasjonale botnsjiktet når det gjeld miljøkrav til gruverdrift. Dette blir ikkje betre av at norske gruver slepp slammet på 30 – 80 meters djup, i dei biologisk mest aktive og viktige områda, mens dei andre landa legg slammet på 1000 – 4000 meter.

### **Naturvernforbundet krev ein ny norsk gruvepolitikk**

Den store satsinga på gruverdrift i Noreg kan gje store negative følgjer for natur, miljø og naturbaserte næringar med mindre det blir stilt strenge miljøkrav, og ein nasjonal gruvepolitikk må minst oppfylle følgjande sentrale vilkår:

1. Det skal vera eit samfunnsmessig reelt behov for metallet/ mineralet, som ikkje kan bli erstatta på anna og meir miljøvennlege vis
2. Teknologi for reinsing av avrenning frå gamle og nye gruveområde må vera ferdig utvikla og allment tilgjengeleg før ein kan tillate ny gruverdrift. Alt vatn påverka av gruverdrift må oppfylle vassforskriftas krav om god økologisk og kjemisk tilstand
3. Totalforbod mot utslepp av gruveslam i fjordane
4. «Gruver utan avfall» og «usynleg gruverdrift» må vera sentrale mål for ny gruverdrift. Pålegg om driftsform som gir minst mogleg avfall og naturinngrep (eks: underjordsdrift i staden for dagbrot der det er teknisk mogleg). Plikt til alternativ bruk av gruvemasse og tilbakefylling der det er praktisk mogleg og miljømessig forsvarleg. Krav om fullstendig rehabilitering av gruveområdet undervegs og etter avslutta drift
5. Det må bli utvikla fungerande og tilgjengelege metodar for rehabilitering av natur, reinbeite m.m. i aktuell klima- og vegetasjonssone før ein vurderer oppstart av nye gruver
6. Store negative følgjer for naturmiljø og naturbaserte næringar skal kunne stanse gruveplanar

Dersom slike krav ikkje gir økonomisk grunnlag for ei gruve, så må ein vente til teknologi og pris gjer det mogleg med forsvarleg miljømessig drift av gruva.